

Til Rasdalen Grendalag

Litt om arbeida i det komande halvåret

Jordalen Entreprenør er nå så vidt begynt med graving og muring ved dammen oppe i Rasdalen.

Dei kjem til å halde fram med graving og sprenging, og dei startar med noko betongarbeid i slutten av månaden.

Midt i juni kjem Entreprenørservice med tungt boreutstyr for å bore eit ca 320 m langt, og 1m grovt hol.

Det vil strekkje seg ned til utgangen or berget, ved ura bortom øverste svingen.

Der betongdammen skal byggjast, viser det seg å vere stein-ur heilt innunder vegen.

Derfor førebur vi oss nå på at vegen mellombels må flyttast litt inn, mens den første damseksjonen blir forskalt og støypt.

Kor fort dette skjer er enno uklart, men vi reknar med å greie dette utan stenging av vegen.

Entreprenørsevice sitt arbeid varer til utpå hausten.

Det er ennå ikkje avklara kor stor aktivitet det blir på betongarbeida mens boringa pågår.

I alle fall vil betongarbeida på dammen og inntaket berre delvis verte fullført i dette året.

Nedunder berget, der borholet skal komme ut, er entreprenøren så smått begynt, og det skal gjerast mykje grave- og murarbeid gjennom ura før ein er klar for gjennom boring av borholet.

Arbeidet i kraftstasjonsområdet nede ved elva og E16, byrjar i juni eller etter ferien.

I startfasen får arbeida i stasjonsområdet liten kontakt mot Rasdalsvegen.

Men etter at den framtidige atkomsten til stasjonsområdet er bygd opp til påkobling til Rasdalsvegen rett attmed avkøyrsla til Olav Aldal, vil det bli meir trafikk knytt til stasjonsområdet.

Alt om kort tid vil Jordalen Entreprenør rigge brakker og anna på lagerplassen hjå Kjetil Horvei, nedom boskontainerane.

Arbeida med grøft og røyrlegging kjem til å begynne etter ferien, med oppstart oppå fjellknausen oppom ferista.

Så kjem dei til å arbeide seg etappevis oppover til utgangen på borholet oppunder berget.

Det meste av hausten kjem til å gå med før dei er dit oppe.

Grøfta kjem til å krysse vegen omtrent der hogstmaskina og taubanemasta var rigga. Der er vegen utvida, og det gir god anledning for mellombels omlegging når grøftarbeida kjem dit, slik at ein truleg unngår vegstenging.

Grøftetraseen ligg nær innåt to av vegsvingane som vender i retning mot elvegjelet.

Desse svingane kjem til å bli brukt til avkøyring til grøfta.

Elles blir det ei avkøyring til grøfta frå rettstrekningen nedanfor svingen i kanten av ura.

Seinare på hausten byrjar det grøftearbeid frå kraftstajonen og oppover mot vegen. Også her blir det ein eigen avkøyringsrampe nedover på utsida av vegen. Den uthogde skogen viser lokaliseringa.

Røyret må krysse under vegen i svingen nedom ferista, der vegen er oppmura. Vegkryssinga her blir vanskeleg, og det vil truleg bli nødvendig å stenge for trafikk eit døgn tid.

I så fall blir stenginga planlagd i god tid i førevegen, og varsla via kommunen. Dette blir nok ikkje før til neste år ein gong.

Om vegstengingar og vegstandard

Bortsett frå stenginga nevnt ovanfor, reknar vi ikkje med at det blir regelrette vegstengingar på grunn av utbygginga.

Det som vi nok må rekne med er ulike forstyrringar langs vegen, og risiko for venteperiodar på eksempelvis 10-20 min.

Det kan komme grunna lossing av røyrgoods og singel til grøfta, belting av gravemaskiner langs vegen og liknande.

Vi er sjølsagt klar over at trafikken er størst innåt helga, og entreprenørane vil få beskjed om å ta hensyn til dette.

Nå i startfasen opplever vi sjølv ein del problem med manglande snu- og parkeringsmogelegheiter der anleggarbeida er starta oppe i Rasdalen.

Dette kan også føre til at andre som måtte komme, får noko venting før dei får passere.

Dette reknar vi med vil betre seg etter ei tid, når vi får bygd opp møte-og parkeringsplassar.

I så måte var det "ein strek i rekninga" at vi ikkje får bygd opp oppstillingsplassen utafor vegen attmed dammen, før vi har fullført første seksjon av dammen.

Her er det planlagt ein plass for oppstilling av betongbil, kranbil og liknande, utan at vegen forbi skal bli sperra.

Grunna anleggstrafikken må det reknast med at vegbanen på enkelte parsellar og særleg der det er avkøyringar til grøfta, kan bli meir ujevn enn den har vore før anlegget starta.

Men i samarbeid med kommunen vil vi forsøke å halde nokolunde samme standard på vedlikehaldet som elles.

Vi håpar at bruks- og hytteeigarar i Rasdalen vil bere over med at det i nokon grad kan bli ulemper for trafikeringa langs Rasdalsvegen i byggetida.

Vi vil gjere vårt for at ulempene skal bli små, og at bruks-og hytteeigarar ikkje skal få utbygginga i "vrangstrupen".

Med helsing

Otto Løkkebø
prosjektleder for utbygginga

